



**Til** Nils P. Støyva, LO og leiar i Fagopplæringsnemnda  
**Fra** Jan Atle Stang, NHO og nestleiar i Fagopplæringsnemnda  
**Kopi** Jenny Følling, Karen Marie Hjelmeseter, Bekka Skaaheim  
**Dato** 10. mars 2017  
**Sak** Mismatch mellom søkerar til lærepllass og tilbod om avtaler

Viser til tal frå fylkeskommunen ang. tal søkerar med ungd.rett til lærepllass og dei avtaler som er tilgjengelege.

Dette viser at det ikkje først og fremst står på bedriftene når det gjeld lærlingplassar. Slik blir det ofte framstilt; at bedriftene må bli flinkare til å ta inn lærlingar.

Men når tala viser at talet søkerar med ungdomsrett er langt lågare (502) enn tilbodet/avtaler (759), må ein byrje sjekke ut kva er det som skjer undervegs med dei langt fleire som startar på vg1.

S&F har 68 avtalar om lærepllassar i til saman 26 lærerfag der det ikkje er søkerar i år. Då må ein også politisk kunne våge å stille klarare spørsmål om strukturelle tilhøve og om fagtilboda bør endrast på både geografisk og/eller fagleg. Ein må ta standpunkt til om einskilde fag bør få større plass/fleire klassar og andre mindre eller nullast ut. Og kanskje bør klassar flyttast geografisk til skular/områder der søkeratala muligens vil bli betre. Politikk dreier seg om å ta val og prioritere, og det forventar eg blir gjort også når det gjeld opplæring. Det dreier seg trass alt om ungdom si framtid, næringslivet sine kompetansebehov og samfunnet si utvikling.

Kvifor går ikkje mange ungdomar løpet ut til lærlingavtale? Er det dei sjølve som brått finn ut at dei vil skifte til t.d. stud.spes., hoppe av, etc? Er det foreldra, rådgjevarane, vener eller andre omstende som fører til avbrot i løpet mot lærlingavtale?

Dette er spørsmål som eg ikkje trur ein har valid kunnskap om, men meir ein "følelse av" berre er slik fordi... Eg har drøfta dette med OKSU, og vi er samde om at det vil vere nyttig med ein meir valid kunnskap om dette, bygd på empiri. Det vil kunne hjelpe oss både i argumentasjonen og i arbeidet med å få fleire til å velje/halde ut eit yrkesfagleg løp. Då veit ein kvar ein skal sette inn støtet.

Eg ser føre meg at hovudutvalet for opplæring i S&F ber avd. for opplæring i Sogn og Fjordane om å sette i gang ei slik undersøking basert på dei tala som ligg føre. Her bør ein nytte eit profesjonelt byrå til å gjennomføre ei undersøking. Resultata frå ei slik undersøking vil kunne vere nyttig både for politikarar, adm. og NHO/LO, samt for bedriftene. Den vil også kunne gje kunnskap som kan nyttast i fleire år, i og med at grunngjevingane som kjem fram etter alt å døme vil vere lik også i år framover.